



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/telefon: Tone Bøyum / 55516792	Vår referanse: 16/168676-2	Dykkar referanse: 16/1766 – 16/13816	Vår dato: 29.11.2016
------------------------------------	---	-------------------------------	--	-------------------------

Uttale – Dispensasjon frå kommuneplan – gnr. 28 bnr. 10 – Kvalheim nedre – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 1. november 2016. Frist for uttale er 29. november 2016. Vi var på synfaring 28. november 2016.

Kva saka gjeld:

Saka gjeld søknad om dispensasjon til deling av grunneigedom Kvalheim Nedre, gnr. 28 bnr. 10 i Radøy kommune. Kommunen har sendt søknaden over til Statens vegvesen og bedt om uttale. Kommunen opplyser at det føreligg positivt førehandstilsegn av 23.09.2014 frå Statens vegvesen til utvida bruk av avkøyrsla.

Eigedomen er avsett til landbruk-, natur- og friluftsføremål (LNF) jf. arealdelen av kommuneplan for Radøy.

Uttale:

Statens vegvesen gav i 2014 eit førehandstilsegn for avkøyrsle til offentleg veg på vilkår om at avkøyrsla vart opparbeida i samsvar med våre krav. I søknaden var det opplyst at det skulle delast frå ei bustadtomt på gnr. 28 bnr. 9 i Radøy kommune.

I søknaden som no er sendt på høyring, er det søkt om deling av gnr. 28 bnr. 10. Slik vi ser det er dette ein ny søknad. Vårt førehandsfråsegn er knytt til ei konkret sak og er ikkje personleg. Dersom søker ønsker ei anna løysing enn det han først har søkt om, må det sendast inn ny søknad, helst med erklæring om at førre søknad er trekt.


Dagens avkøyrsle er ikkje tilfredstillande etter gjeldande krav, særleg med omsyn på frisikt og framoversikt på vegen. Vi gjer merksam på at i vårt førehandstilsegn var det mellom anna stilt krav om å utbetre avkøyrsla for oppnå tilfredstillande sikt. Dette inneber mellom anna tiltak (fjerning av fjell og vegetasjon) på motsett side av vegen, retning Vågenes / Håland.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø



Illustrasjon: Døme siktkrav 4m X 100m og framoversikt på vegen i eksisterande avkørsle.

Vi minner om at avkørsel fra offentleg veg må vere godkjent av vedkommande myndighet før det vert etablert ny eidegdom, jf. §PBL 27-4 og veglova §§ 40 – 43.

Konklusjon:

Statens vegvesen kan ikkje sjå å at det er gjeve løyve til avkørsle for gnr. 28 bnr. 10 slik det er opplyst i søknaden. Det er gjeve førehandstilsegn til avkørsle for gnr. 28 bnr. 9. Fordi denne saka gjeld ny frådelingssøknad, må det sendast inn ny søknad om avkørsle som skal behandlast etter veglova.

Vi gjer merksam på at både eksisterande løyve og eit eventuelt nytt løyve vil krevje utbetring av avkørsla med omsyn til mellom anna frisiktsone.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.